



LINDÅS KOMMUNE

Eining for stabs- og støttetjenester
Besøksadresse:
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

IMC Diving AS

PB 116 Sandviken
5812 BERGEN

Dykkar ref.	Sakshandsamar: Tove Mette Fyllingen
Vår ref. 2009/2197 - 24 - 24216/2010	Telefon 56 37 51 75
Arkivkode: 139/4	Dato: 14.10.2010

Melding om vedtak

Ny sakshandsaming. Søknad om dispensasjon for utlegging av flytebyggje til fritidsbustad Gbnr. 139/4 Tveiten nedre.

Vedlagt fylgjer saksutgreiing med vedtak.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. lov om offentlig forvaltning.
Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.*

Klagen kan sendast skriftleg til avdelinga som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Tove Mette Fyllingen
administrasjonskonsulent





Arkiv: 139/4
Saksmappe: 2009/2197
Sakshandsamar: Einar Urheim
Dato: 14.10.2010

Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
236/10	Plan- og miljøutvalet	13.10.2010

Ny sakshandsaming. Søknad om dispensasjon for utlegging av flytebyggje til fritidsbustad Gbnr. 139/4 Tveiten nedre.

Saksdokument vedlagt:

Oversiktskart

Dispensasjonssøknad datert 05.01.10

Situasjonsskart mottatt 21.12.09

Saksdokument ikkje vedlagt:

Søknad om tiltak, motteke 21.12.09

Søknad om ansvarsrett, motteke 21.12.09

Saksutgreiing:

Saka skal avgjerast endeleg av plan- og miljøutvalet.

Saka har vore behandla tidlegare. Fylkesmannen har oppheva PLU sitt vedtak av 24.02.10 og kommunen må etter dette handsama saka på nytt.

Tidlegare vedtak:

Vedtak nr 1. Plan- og miljøutvalet fatta den 24.02.10 i sak 55/10 fylgjande vedtak:

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 24.02.2010

Plan- og miljøutvalet gjer avslag i søknad om dispensasjon.

- Tiltak gjev ikkje betre tilgang for ålmenta, då tiltaket ligg i "opparbeidd" og "privatisert" område av holmen.
- Tiltaket vil komme i konflikt med landbruks-, natur-, ferdsel-, fiske- og friluftsinteresser som LNF- og NFFF-områda i kommuneplanen er meint å ivareta.
- Tiltaket vil vere i strid med arealdelen til kommuneplanen.

Vedtaket vart påklaga og Plan- og miljøutvalet behandla klagen den **24.03.2010**

Vedtak nr 2.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 24.03.2010

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

"Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Med tilvisning til klage frå tiltakshavar, motteke 09.03.10, og grunngjeving i saksvurderinga, kan ikkje kommunen sjå at det er komme inn nye tungvegande moment som skulle tilseia ei

endring av tidligare avgjerd. Tiltakshavar sin klage vert ikkje teke til følge. Kommunen vil derfor halda fast på vedtaket som er gjeve i sak 55/10, datert 02.03.10. I samsvar med plan- og bygningslova § 15 vert saka sendt til fylkesmann til endeleg avgjerd.”

Fylkesmannen i Hordaland sitt vedtak.

Det vert vist til Fylkesmannen i Hordaland sitt endelege vedtak i saka, datert 04.06.2010 der Fylkesmannen opphevar vedtak av plan- og miljøutvalet den 24.02.10, sak 55/10.

Fylkesmannen skriv i sitt vedtak:

Vedtak i klagesak som gjeld avslag på søknad om dispensasjon for utlegging av flytebryggje på eigedomen gnr. 139 bnr. 4, Lindås kommune

Vi syner til oversending frå kommunen, motteken her 30.03.10. Vilråa for å handsame saka er til stades.

Bakgrunn for saka

Georg Huseklepp søkte 05.01.10 om utlegging av flytebryggje på eigedomen gnr. 139 bnr. 4. Flytebryggja er i betong og er 12 meter x 2,5 meter. Hytta ligg på ei øy, og den einaste tilkomsten til eigedomen er med båt. Flytebryggja vert ikkje til sjenanse for nokon og skal erstatte kaia som er øydelagt.

Georg Huseklepp opplyser i e-post 19.01.10 at det ikkje vert produsert betongbryggjer under 8 meter.

Plan- og miljøutvalet avslo søknaden 24.02.10, sak 55/10.

Georg Huseklepp påklaga vedtaket. Klagen vart motteken hjå kommunen 09.03.10. Han syner blant anna til unntaket frå forbodet i plan- og bygningslova (plbl.) § 17-2 3. ledd. Forholda på staden med ström, båttrafikk og bølger gjer det ikkje forsvarleg å leggje ut ei trebryggje på 6 meter.

Plan- og miljøutvalet handsama klagen i møte 24.03.10, sak 93/10. Klagen vart ikkje teken til følge.

Saka vart etter dette sendt til Fylkesmannen for endeleg handsaming. Om bakgrunnen for saka elles viser vi til saksdokumenta som vi legg til grunn er kjente for partane.

Regelverk

Fylkesmannen skal som klageinstans sjå til at kommunen under handsaminga av saka har følgt dei lover, forskrifter og sakshandsamingsreglar som gjeld på området. Fylkesmannen kan under handsaminga prøve alle sider ved vedtaket, også dei skjønsmessige vurderingane som kommunen har gjort, jf. forvaltningslova (fvl.) § 34.

Oppføring av flytebryggje krev løyve av kommunen etter plbl. § 93. Før slikt løyve vert gitt, skal ein sjå til at løyvet ikkje vil kome i strid med reglar gitt i eller i medhald av lova, jf. plbl. § 95 nr. 2.

Landarealet er i kommuneplanen sin arealdel lagt ut som LNF-område. I dette området er frådelling og bygging ikkje tillate, med unntak av tiltak i samanheng med stadbunden næring. Sjøarealet er avsett til NFFF-område (Natur-, ferdsl, fiske- og friluftsområde).

Tiltaket er difor i strid med plan- og bygningslova § 11-6 og § 1-8 2. ledd og kan ikkje godkjennast utan at det vert gitt dispensasjon.

Fylkesmannen si vurdering

Vi vil først presisere at vi oppfattar klagar sin e-post 19.10.10 slik at han har endra søknaden ved at flytebryggja vert redusert frå 12 meter til 8 meter.

Klagar syner til unntaket i plan- og bygningslova frå 1985 § 17-2 3. ledd. Søknaden om dispensasjon er sendt inn etter 01.07.09 og skal difor handsamast etter den nye plan- og bygningslova. Plbl. § 1-8 vidarefører og innskjerpar byggjeforbodet i strandsona og erstattar § 17-2 i plbl. 1985. Unntaket for tilkomstbryggjer for fritidseigedomar er ikkje vidareført i den nye lova.

Fvl. § 24 1. ledd slår fast at "Enkeltvedtak skal grunngis". Dei krav som vert stilt til innhaldet av grunngjevinga følgjer av fvl. § 25 der det kjem fram at det i grunngjevinga "skal vises de regler vedtaket bygger på", og at grunngjevinga skal "gjengi innholdet av reglene eller den problemstillingen vedtaket bygger på" dersom dette er naudsynt for at parten skal vere stand til å forstå vedtaket. I tillegg vert det slått fast at "De hovedhensyn som har vært avgjørende ved utøving av forvaltningsmessig skjønn, bør nevnes".

Ei grunngjeving for eit enkeltvedtak vil gje partane ei forklaring og vil gjere greie for dei omsyn som vedtaket byggjer på. Partane vil då betre kunne forstå bakgrunnen for at saka fekk eit slikt utfall. Eit forvaltningsvedtak kan kjennast ugyldig når grunngjevinga ikkje gjev eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere om vedtaket lir av innhaldsmessige feil. I Isenedommen (Rt. 1981 s. 745) vart det uttalt at det var "mangler ved begrunnelsen (som) kan tyde på svikt ved selve avgjørelsen", og avgjerda vart etter dette kjent ugyldig.

Plbl. § 19-2 2. ledd slår fast at det ikkje skal gis dispensasjon dersom omsyna bak føresegna vert vesentleg sett til side. I tillegg må det gjerast ei interesseveging, der fordelane ved tiltaket må vurderast opp mot ulempene. Det må liggje føre ein klar overvekt av omsyn som taler for dispensasjon. Det inneberer at det normalt ikkje vil vere høve til å gi dispensasjon når omsyna bak føresegna det vert søkt dispensasjon frå framleis gjer seg gjeldande med styrke.

Kommunen må då i den enkelte saka vege dei grunnar som søkjar legg fram opp mot dei omsyna som ligg bak reglane det skal gjevast dispensasjon frå.

Plan- og miljøutvalet syner til i grunngjevinga for avslaget at

...dispensasjon i dette tilfellet ikkje kan gjevast, fordi omsyna bak føresegner det dispenserast frå, vert vesentleg tilsidesett.

Ulemper:

- Tiltaket gjev ikkje betre tilrettelegging for ålmenta, då tiltaket ligg i "opparbeidd" og "privatisert" område av holmen.
- Tiltaket vil kome i konflikt med landbruks-, natur-, ferdsel-, fiske- og friluftsinnteresser som LNF- og NFFF-områda i kommuneplanen er meint å ivareta.
- Tiltaket vil vere i strid med arealdelen til kommuneplanen.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det ved dette er gitt ei tilstrekkeleg grunngjeving for vedtaket. Det kjem ikkje fram av vedtaket kva konkrete moment i saka som er vektlagt av utvalet utanom at det vert synt generelt til kommuneplanen og dei interessene som planføremålet skal ivareta utan at dette vert vurdert opp mot klagaren sin argumentasjon for kvifor det bør gis dispensasjon. Krava til grunngjeving av vedtaket er dermed ikkje oppfylt, jf. fvl. § 24, og vedtaket lir dermed av ein sakshandsamingsfeil.

Fvl. § 41 slår fast at eit enkeltvedtak er

gyldig når det er grunn til å regne med at feilen ikkje kan ha virket bestemmende på vedtakets innhald.

Som følge av den manglande grunngjevinga for vedtaket finn Fylkesmannen det vanskeleg å vurdere om utvalet har lagt til grunn ei riktig lovforståing ved handsaminga av saka. Det er heller ikkje mogleg for Fylkesmannen å ta stilling til den skjønsumtøving som ligg grunn for vedtaket. Som tidlegare nemnt er det slått fast i rettspraksis at eit vedtak som har manglar ved grunngjevinga som kan tyde på svikt i sjølv avgjerda, kan bli ugyldig på dette grunnlag. Vi er difor kome til at plan- og miljøutvalet sitt vedtak må opphevast. Vi kan ikkje sjå at utvalet i tilstrekkeleg grad har vurdert alle relevante omsyn som gjer seg gjeldande i saka. Slik vi ser det, kan det ikkje utelukkast at denne mangelen har hatt innverknad på utfallet i saka, jf. fvl. § 41.

Saken vert difor returnert til Lindås kommune for ny handsaming. Vi ber kommunen vurdere i nærmare grad klagar sin argumentasjon for å leggje ut flytebryggje på staden opp mot dei interessene som eventuelt vert skadelidande ved at det vert gitt dispensasjon.

Vedtak

Fylkesmannen opphevar vedtak av plan- og miljøutvalet 24.02.10, sak 55/10. Kommunen må etter dette handsame saka på nytt, jf. forvaltningslova § 34 4. ledd. Vi kan ikkje sjå at utvalet har vurdert alle relevante omsyn som gjer seg gjeldande i saka, jf. vår grunngjeving ovanfor.

Fylkesmannen vil presisere at vi med dette ikkje legg føringar for resultatet ved den nye handsaminga av saka i kommunen.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast, jf. fvl. § 28 3. ledd.

VIDARE SAKSGANG

Som det går fram av Fylkesmannen sitt vedtak, må kommunen handsama saka på nytt.

Administrasjonen har handsama saka på nytt. Administrasjonen har vore på synfaring på fastlandet nær holmen og har vore forbi øya i båt.

Søknaden er handsama etter Plan- og bygningslova som var gjeldande i perioden 01.7.2009 til 01.07.2010.

Saksutgreiing:

Saka skal avgjerast endeleg av plan- og miljøutvalet. Dersom plan- og miljøutvalet gjer dispensasjonsvedtak, skal fylkesmannen ha vedtaket tilsendt for klagevurdering.

Plangrunnlag

Eigedomen ligg i eit område som i kommunedelplanen for Knarvik- Alversund er sett av

til LNF- område for landområde og til FFNF- område i sjø.

LNF- område er landbruks- natur- og friluftsområde utan høve til spreidd utbygging.
FFNF- område er område for særskild bruk eller vern av sjø og vassdrag, vannareal for allmen fleirbruk.

Tiltaket er i strid med kommunedelplanen på dei på nemnde punkter.

Dispensasjon.

Søknaden gjeld dispensasjon frå PBL § 11-6 for arealbruken i kommunedelplanen og frå PBL § 1-8 (Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag) for etablering av flytebrygge ved og på Gbnr. 139/4 på Kvamsholmen.

Det vert i denne handsaming av saka berre teke stode til dispensasjonsspørsmålet Plan- og miljøutvalet skal taka stilling til spørsmålet om dispensasjon.

Saka har vore sendt regionale styremyndene til uttale. Fylkesmannen ved kultur og idrettsavdelinga ved Hordaland Fylkeskommune har uttalt seg positivt.

Vurdering:

Det vert vist til PBL § 11-6 der det står:

§ 11-6. Rettsvirkning av kommuneplanens arealdel

Kommuneplanens arealdel fastsetter framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyrets vedtak bindende for nye tiltak eller utvidelse av eksisterende tiltak som nevnt i § 1-6. Planen gjelder fra kommunestyrets vedtak, dersom ikke saken skal avgjøres av departementet etter § 11-16.

Tiltak etter § 1-6 må ikke være i strid med planens arealformål og generelle bestemmelser, samt bestemmelser knyttet til arealformål og hensynssoner.

Der det ikke gjelder eller er stilt krav om reguleringsplan, jf. § 12-1 andre ledd, skal kommuneplanens arealdel følges ved avgjørelse av søknad om tillatelse eller ved forståelsen av tiltak etter reglene i § 20-1 første ledd bokstav a til m, jf. §§ 20-2 og 20-3.

Det vert vist til PBL § 1-8 Forbod mot tiltak mv. Langs sjø og vassdrag der det står:

§ 1-8. Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag

I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særliq hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Andre tiltak etter § 1-6 første ledd enn fasadeendringer kan ikke settes i verk nærmere sjøen enn 100 meter fra strandlinjen målt i horisontalplanet ved alminnelig høyvann. Dette er likevel ikke til hinder for fradeling ved innløsning av bebygd festetomt etter tomtefestelova.

Forbudet etter andre ledd gjelder så langt ikke annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, jf. §§ 11-9 nr. 5 og 12-7 nr. 2.

Forbudet etter andre ledd gjelder ikke der kommunen i kommuneplanens arealdel har tillatt oppføring av nødvendige bygninger, mindre anlegg og opplag som skal tjene til landbruk, reindrift, fiske, akvakultur eller ferdsel til sjøs, jf. § 11-11 nr. 4.

For områder langs vassdrag som har betydning for natur-, kulturmiljø- og friluftsinnteresser skal kommunen i kommuneplanens arealdel etter § 11-11 nr. 5 fastsette grense på inntil 100 meter der bestemte angitte tiltak mv. ikke skal være tillatt.

Det vert vist til PBL § 19-1 Søknad om dispensasjon

§ 19-1. Søknad om dispensasjon

Dispensasjon krever grunnlagt søknad. Før vedtak treffes, skal naboer varsles på den måten som nevnt i § 21-3. Særskilt varsel er likevel ikke nødvendig når dispensasjonssøknad fremmes samtidig med søknad om tillatelse etter kapittel 20, eller når søknaden åpenbart ikke berører naboens interesser. Regionale og statlige

myndigheter hvis saksområde blir direkte berørt, skal få mulighet til å uttale seg før det gis dispensasjon fra planer, plankrav og forbudet i § 1-8.

Det vert vist til PBL § 19-2 Dispensasjonsvedtaket

§ 19-2. Dispensasjonsvedtaket

Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.

Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.

Ved dispensasjon fra loven og forskrifter til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet.

Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Departementet kan i forskrift gi regler for omfanget av dispensasjoner og fastsette tidsfrist for behandling av dispensasjonssaker.

Det ligg føre søknad om dispensasjon, mottaken 07.01.10.

Søkjær har argumentert følgjande for å få dispensasjon:

Tiltakshavar skriv: Einaste muleg tilkomst til hytta er sjøvegen, så ein er 100% avhengig av båt for å komme til og frå hytta. Det å ha ein flytebrygge er derfor av stor sikkerhetsmessig betydning.

Bryggen blir lagt slik at den ikkje er til sjenanse for båttrafikk eller andre.

Vurdering av dispensasjon.

Lova krev at fordelane med å gje dispensasjon skal vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Fordelar:

- Tiltaket vil gje betre tryggleik for brukarane.
- Tiltaket skal erstatte den gamla kaien som er øydelagt og skal ikkje vera eit nytt inngrep i naturen.
- Tiltaket vil gje betre tilrettelegging av tilkomst for ålmenta som skal nytta friluftsområde.
- Tiltaket vil ikkje komme i vesentleg konflikt med landbruks-, natur-, ferdsle-, fiske- og friluftsinteresser som LNF- og FFNF-områda i kommunedelplanen er meint å ivareta.

Ulemper:

- Tiltaket vil vere i strid med arealdelen til kommunedelplanen, sjølv om omsyna som skal ivaretakast med LNF- og FFNF-føremålet ikkje vil verte vesentleg råka.

Storleik

Tiltakshavar har søkt om flytebrygge med lengde på 12 meter og bredde på 2,5 meter.

Administrasjonen har vurdert forhold på staden og vil gå inn for at bryggja vert redusert i lengde til ei teneleg storleik, 6 meter, grunna båttrafikk i området og fordi tiltaket ligg i eit område som, ifølgje Hordaland kart, er eit viktig friluftsområde

Presedens

Administrasjonen har veid eventuell presedensverknad mot lokale tilhøva på staden og meiner at presedensverknaden er sterk avgrensa. Den einaste eigedommen på øya er bygd ut med ein fritidsbustad. Ein dispensasjon for bygging av flytebrygge til eksisterande fritidsbustad vil ikkje opne opp for fleire byggetiltak i dette konkrete området.

Uttale frå BOH.

Det ligg ikkje føre uttale frå BOH. Uttale frå BOH må vere sendt til kommunen før slutthandsaming av byggesaka kan finne stad.

Konklusjon

Administrasjon finn at vilkåra etter pbl § 19.2 for å gje dispensasjon er til stades. Betring av tryggleiken ved bruk av flytebrygge er hovudmomentet som talar for å gje dispensasjon da det er sterke straumar i området og ein trygg tilkomst er viktig for brukarane.

Det er også eit poeng at har ein fyrts fått lov å etablera ei hytte på ei øy, der den einast moglegheita er å koma sjøvegen, så må det vera mogleg å kunne føta seg på ei lita bryggje når ein skal bruke plassen.

Tiltaket vil ikkje komme i konflikt med landbruks-, natur-, ferdsel-, fiske- og friluftssinteresser som FFNF-områda i kommunedelplanen er meint å ivareta. Omsyna bak føresegnene vert ikkje tilsidesett.

Etter ei samla vurdering finn administrasjonen å kunne gå inn for dispensasjon frå kommunedelplanen og frå PBL §1-8 og meiner at utlegging av flytebrygge ikkje vil ha vesentlege arealmessige følgjer.

Gebyr.

Sakshandsamingsgebyr vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ, vedteke den 11.12.09. Gebyr er utsendt ved tidlegare handsaming. Vert det gjeve dispensasjon vil saka måtte slutthandsamast som byggesak.


Vurdering av miljøkonsekvensar:

Rådmannen kan ikkje sjå at regionale eller lokale miljøvernomsyn vert skadelidande om det vert gjeve dispensasjon i denne saka.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan og miljøutvalet gjev, med heimel i plan- og bygningslova § 19.2, dispensasjon frå Kommunedelplanen Knarvik- Alversund og PBL §1-8 for etablering av flytebryggje med storleik ca 2,5 x 6 m (15 m2) på eigedomen Gnr139 Bnr 4.

Grunngjevinga går fram av saksvurderinga.



Søknad om dispensasjon

Jeg søker herved dispensasjon for å legge ut flytebrygge på Kvamsholmen. (det er ingen naboer og varsle)

Kvamsholmen er en øy og eneste mulige tilkomst til øyen er med båt, det er derfor viktig at vi kan ha en trygg adkomst.

Denne flytebryggen skal sikre tilgang til hytten på en trygg og forsvarlig måte.

Bryggen blir lagt slik at den ikke er til sjenanse for noen, verken båttrafikken eller andre i området blir berørt av dette.

Håper dere er positiv til denne søknaden slik at vi kan få tilgang til øyen, jeg mener også at allemannsretten blir ivaretatt ved at bryggen blir lagt så nærme hytten som mulig. Øyen er på ca 20 mål og det er kun en liten del av øyen som er bebygget.

Håper dere ser positivt på denne søknaden slik at vi får tilgang til øyen og kan ta vare på den i fremtiden.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.10.2010

Framlegg frå S.Hauge-Ap:

Plan- og miljøutvalet avslår søknaden om dispensasjon etter pbl § 19-2.

Tiltaket vil føre til at omsynet bak føreseigna vert vesentleg sett til side.

Dette fordi tiltaket kjem i strid med ålment bruk av området til fiske og fangst, og kan gje avgrensingar på ferdsel i sjø som er mykje brukt som alternativ lei.

Det er også allereie etablert kai på eigedomen.

Framlegget vart vedteke med 8 røyster (mot Moldeklev-Frp)

Rådmannen sitt framlegg fekk 1 røyst (Moldeklev-Frp) og fall.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 13.10.2010

Plan- og miljøutvalet avslår søknaden om dispensasjon etter pbl § 19-2.

Tiltaket vil føre til at omsynet bak føreseigna vert vesentleg sett til side.

Dette fordi tiltaket kjem i strid med ålment bruk av området til fiske og fangst, og kan gje avgrensingar på ferdsel i sjø som er mykje brukt som alternativ lei.

Det er også allereie etablert kai på eigedomen.

